



Årsmelding Eid kyrkjelege fellesråd 2014

1. Innleiing

Året 2014 har vore eit aktivt arbeidsår. Restaureringsarbeidet på kortaket i Eid kyrkje vart fullført på etterjulsvinteren. Stårheim kyrkje feira 150-års jubileum og kyrkja vart rusta opp både innvendig og utvendig. I staben har det vore eit år med lite utskiftingar og stort sett stabil bemanning i alle stillingane.

2. Fellesråd og tilsette

2.1 Fellesrådet

Fellesrådet er samansett slik:

Frå Eid sokn:

Oddvar Os – leiar
Sigrunn Heggen Leivdal – nestleiar
Vara:
Per Oos
Bjørg Melheim

Frå Stårheim sokn:

Håvard Orheim
Olaug Vedvik
Vara:
Jostein Hanebrekke
Reidun Borgestrand

Frå Kjølsdalen sokn:

Sonja Hatlenes
Vidar Hatlegjerde
Vara:
Lars Frode Humborstad
Janne Midthjell

Kommunal representant:

Lars Svein Drabløs
Vara:
Magne Øyra

Geistleg representant:

Prost Rolf Schanke Eikum
Vara:
Sokneprest Carsten Mrusek

Fellesrådet har hatt 3 møte og handsama 27 saker i 2014.

2.1.1 Underutval i fellesrådet

Fellesrådet har hatt følgjande underutval:

- Kyrkjeleg administrasjonsutval (partsamansett utval)

Fellesrådet sine representantar : Oddvar Os - leiar, Sigrunn Heggen Leivdal – nestleiar, Sonja Hatlenes, vara Håvard Orheim. Tilsette sin representant: Finn Arve Sundal, vara Bjørg Risøy. Administrasjonsutvalet har ikkje hatt møte i 2014.

- Forhandlingsutval/tingingsutval ;

Medlemmer: Sigrunn Heggen Leivdal - leiar, Oddvar Os, vara Olaug Vedvik.

Utvælet har heller ikkje hatt møte i 2014.

Kyrkjeverja er sekretær for administrasjonsutvalet og forhandlingsutvalet/tingingsutvalet

2.2 Tilsette

Kyrkjeverje/dagleg leiar	Kristen Hundeide	100%
Organist II	Ingvard Sundal	20%
Sekretær	Cecilie Vestbøstad Marta Jenny Elvebakke	50% (frå 1. september) vikar (til 1. september)
Ungdomsprest	Kaare Michael Christoffersen	100%
Arbeidsleiar kyrkjegard	Finn Arve Sundal	100%
Kantor	Ralph Cupper	100%
Musikalsk barne- og ungdomsarb.	Asbjørn Eikenæs	20%
Kateket	Beate Folkestad Osdal	20% + timer
Trusopplærar	Solveig Orheim Nome	60%
Kyrkjetenar	Bjørg Risøy	80%
Kyrkjetenar	Knut Hans Røed	7,1 %
Kyrkjetenar	Per Hagen	11%
Kyrkjetenar	Randi Heggheim	15%

Sekretæren ved kyrkjekontoret har utført deler av sekretærtenesta for prosten.

Prostestillinga har fast arbeidsplass på Eid kyrkjekontor. Prosten har færre gudstenester i Eid, og reiser meir i heile prostiet. Seniorpresten vert brukt i Eid og er med i Kjølsdalen sokneråd som sokneprest i Kjølsdalen.

Cecilie Vestbøstad er tilsett som kontormedarbeidar og tok til i stillinga frå 1. september etter eit års svangerskapspermisjon. Marta Jenny Elvebakke har vore vikar i stillinga i permisjonstida.

Sokneprest Carsten Mrusek har, saman med ungdomsprest Kaare Michael Christoffersen og kateket Beate F. Osdal, hatt ansvaret for konfirmantarbeidet. Beate har også teke ansvar for trusopplæringsarbeidet på timebasis så lenge Solveig Nome er sjukmeld. Diverre vart ungdomsprest Kaare sjukmeld frå 28. oktober. Etter dette har Heidi H. Isene tidvis vore innleidd på timebasis som hjelpe i trusopplærings- og ungdomsarbeidet.

Asbjørn Eikenæs deltek i trusopplæringsarbeidet i 20% stilling som er finansiert av trusopplæringsmidlane. Asbjørn er ein uvurderleg musikalsk ressurs både ved Stårheim Barnekor og ved Babysongen – i tillegg til andre oppgåver der musikalsk medverknad er ønskjeleg.

Kyrkjegardsarbeidar Finn Arve Sundal er no attende i 80% av stillinga.

Johannes Nome har teke seg av planting på og stell av gravene som har avtale om gravfond. Han får betalt ein fast sum årleg for kvar grav han steller. Summen er avhengig av 2 alternativ for planting og stell.

Bjørg Risøy har 80% stilling som kyrkjetenar. Ho er kyrkjetenar ved alle kyrkjelege handlingar i Eid kyrkje og fast kyrkjetenar i Stårheim kyrkje ved gravferder, vigsler, o.l. Knut Hans Røed er kyrkjetenar i Stårheim ved vanlege gudstenester.
I Kjølsdalen kyrkje er Randi Heggheim kyrkjetenar og Per Hagen er kyrkjetenar i Heggjabygda kyrkje.

2.2.1 Arbeidsmiljø og personalarbeid

Å arbeide for betre samhandling og meir teamkjensle i staben er ei stor utfordring i ein arbeidsstokk med mange deltidstillingar, der arbeidsplassane i tillegg er ulike. I året som har gått har vi lagt mykje vekt på at vi alle skal føle at vi er ein del av ei samla eining – sjølv om staben er samansett av personar med to forskjellige arbeidsgjevarar. Ved hjelp av godt samarbeid frå både prestane og dei tilsette i fellesrådet føler vi at vi har lukkast med dette. Det er svært gledeleg å sjå at dei nye som kjem inn finn seg godt til rette og vidarefører det gode samarbeidet som føregjengarane hadde. Arbeidsmiljø og samarbeid mellom dei kyrkjeleg tilsette er soleis godt. Dette gjeld også samarbeidet med prestane.

Kvar tysdag føremiddag er det stabsmøte på kyrkjecontoret. Der deltek dei som er tilsett i høgast prosent stilling (40% eller meir). Eid kyrkjelege fellesråd takkar både prestane og dei fellesrådstilsette for godt og konstruktivt arbeid i 2014.

2.2.2 Likestilling

I likestillingslova § 1a nemnast det at offentleg styresmakt skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling mellom kjønna. Arbeidsgjevar skal arbeide aktivt for dette innafor si verksemnd. I offentleg sektor er det krav om å gjere greie for likestillingssituasjonen i verksemda og kva som vert gjort i den samanheng.

Ved utgangen av 2014 var det 14 tilsette i Eid kyrkjelege fellesråd, 6 kvinner og 8 menn. Det er mange deltidsstillingar.

Ved avlønning følgjer ein hovudtariffavtala for KA sitt tariffområde - som er kjønnsuavhengig.

3 Prospekt og faste tiltak

3.1 Oversikt over gjennomførte og planlagde oppgåver i kyrkjer og på kyrkjegardar

Eid kyrkje. Arbeidet med restaurering av taket i koret er fullført i 2014. Den nye takdekoren vart montert i kyrkja frå månadsskiftet januar-februar. Det var avsett 4 - 6 veker til dette og vi inngjekk avtale med Eid Kyrkjetun om å nytte lokale der til gudstenester i dei vekene kyrkja var stengd. Til stor glede både for fellesrådet, som byggherre, og entreprenørane gjekk monteringsarbeidet både raskt og problemfritt. Det tok derfor berre 3 veker før kyrkja igjen kunne takast i bruk – og det nyrestaurerte kortaket kunne visast fram til ålmenta.

Restaureringsarbeidet er glimrande utført og fellesrådet vil rette ei stor takk til målarmeister Kjell Arne Aarseth, snekkermeister Otto Stornes og kunstmålar Bent Erik Myrvoll for

glimrande arbeid! Det har vore svært mange innom kyrkja, og sett på resultatet av restaureringa, både frå lokalmiljø, fylkeskommune og ymse lag og organisasjonar. Alle har gjeve attendemeldingar om at dei er imponerte over det som er utført. 12. juli var også riksantikvar Jørn Holme på besøk i kyrkja og fekk ei orientering om arbeidet og fekk sjølv sjå resultatet. Tilbakemeldinga frå riksantikvaren er at dette var han godt nøgd med! Men også taket i skipet treng sårt til restaurering og vi må no byrje arbeidet med å få dette finansiert. Kyrkja må også målast og vedlikehaldast utvendig. Det er planlagt å byrje på dette prosjektet i 2015.

Kantor Ralph Cupper har tidlegare fått utarbeidd ein grundig tilstandsrapport for orgelet i Eid kyrkje, med forslag til tiltak for restaurering. Kostnaden er innarbeidd i økonomiplanen og prosjektet vart starta opp hausten 2014 med demontering av orgelet. Det er orgelbyggjar Richard Bower frå Norwich i England som har fått oppdraget. Store deler av orgelet er derfor frakta til Bower sin fabrikk i England for vedlikehald og omarbeiding. Etter planen skulle desse vere attende ferdig montert i orgelet att våren 2015, men dette vert no utsett til hausten.

Stårheim kyrkje. Stårheim kyrkje feira 150-års jubileum i 2014. Kyrkja vart opprusta til jubileumsmarkeringa, m.a. med utbetring av ráteskader og måling av kyrkja. Også innvendig fekk kyrkja eit ”løft” med m.a. nye gardiner, projector og lerret, samt automatisk brannvarsling. Kyrkja framstod derfor som det stasbygget den er ved jubileumsfeiringa 1. juni 2014! Vedlikehaldsarbeidet vart likevel dyrare enn føresett og dei investeringsmidlane som var avsette strakk ikkje til.

Det er også planlagt nødvendig vedlikehald av orgelet i Stårheim kyrkje. Dette er ein del av same prosjektet som restaurering av orgelet i Eid kyrkje – og skal utførast på staden så snart arbeidet med orgelet i Eid er ferdig.

Heggjabygda kyrkje. Her er det ikkje gode nok toalettforhold og det er ikkje innlagt vatn i kyrkja. Parkeringsforholda er også svært utilfredstillande. Det har vore dialog med grunneigaren om parkeringsareal og fellesrådet har avsett midlar til delvis opparbeiding av dette.

Organisten ynskjer også å få på plass ei lydskjerming mellom spelepulten og orgelpipene slik at den som spelar ikkje vert høyrselsskada.

Kjølsdalens kyrkje. Etter omfattande renoveringsarbeid dei siste åra er kyrkja no i svært bra stand. Det har derfor ikkje vore utført større vedlikehaldsoppgåver her i 2014.

I alle kyrkjene vil det vere tenleg med fjernstyring av varmen. Dette vil då kunne bli styrt frå kyrkjekontoret via data. Kostnaden med dette er likevel slik at det førebels ikkje kan prioriterast i ”konkurranse” med andre, og heilt nødvendige, prosjekt. Det same er tilfelle med montering av automatiske ringeanlegg i kyrkjene.

Kyrkjegardane. Gravemaskina vi nyttar på kyrkjegardane er utskifta i 2014.

3.2 Minikonfirmantarbeid

Denne aktiviteten vert utført av soknepresten saman med ungdomsprest/ungdomsarbeidar, trusopplærar og musikalsk barne- og ungdomsarbeidar.

3.3 Ungdomsarbeidet, nattcafe, ung messe og ungdomskoret On.line

Nattcafeen hadde god oppslutnad også i 2014. Etter at Kaare Michael Christoffersen tok til i stillinga som ungdomsprest er det han som har hatt ansvar for dette tiltaket. Han har utvikla tiltaket på ein god måte – og miljøet på fredagskveldane er svært godt. Ungdomane stiller sjølve opp for å ta vare på, og verne om, dette miljøet – og oppslutninga om nattcafeen har auka. Etter at ungdomspresten vart sjukmeld i oktober har det ikkje vore ressursar til å drive nattcafeen.

Ung Messe hadde tidlegare ein eigen komité under leiing av ungdomspresten. Dei siste åra har dei tre konfirmantlærarane teke ansvar for dette – og det vert no halde Ung Messe ein gong i halvåret. Deltakinga og tilbakemeldingane frå messa har vore svært oppløftande. Kombinasjonen av musikk, forkynning og visuelle verkemiddel når heilt tydeleg fram til ungdomane.

Ungdomskoret On.line har ikkje vore i drift i 2014.

Koret er eit ungdomskor kantor nyttar ved ymse gudstenester. Sjå meir under 3.6.
«Kyrkjemusikalsk arbeid»

3.4 Trusopplæring

Trusopplæringsarbeidet i Den Norske Kyrkja er eit stort og omfattande arbeid. Truleg er dette ei av dei største utfordringane Kyrkja har hatt på svært lang tid.

Trusopplæringsarbeidet er finansiert ved årleg tildeling av statlege midlar. Ein føresetnad for dette er at det vert utarbeidd ein langsiktig plan for trusopplæringsarbeidet. I Eid har vi no ein godkjent plan for trusopplæringa i alle sokna våre. Vi har derfor gått frå «planleggingsfasen» til «gjennomføringsfasen». Når alle tiltaka skal setjast ut i livet merkar vi endå sterke trøngen for frivillige hjelparar. Sjølv om både prestane og dei fellesrådstilsette gjer alt dei kan er det ikkje mogleg for oss å rekke over alt. Det er derfor svært viktig for å lukkast med trusopplæringsarbeidet at sokneråda kjenner ansvar for, og tek aktivt del i, både planer og gjennomføring.

Det finst ein eigen nettportal for trusopplæringsarbeidet på www.kyrkja.no under logoen Størst Av Alt. Her kan ein lese om dei ulike tiltaka som er iverksette i heile landet; og her kan ein hente inspirasjon til nye tiltak og utveksle erfaringar. Dette nettverket er svært verdifullt for arbeidet. Fellesrådet nyttar også denne nettportalen til årleg rapportering av tiltak og økonomi. På Kyrkja i Eid sine eigne nettsider ligg det ein link direkte til vår “plass” på nettportalen. I 2014 valde vi å avlyse tiltaket ”Lys Vaken”. Dette både fordi arbeidspresset på personalet var urimeleg stort denne perioden – men også fordi vi ynskte å endre målgruppe for tiltaket til å vere eit år eldre. Dette medfører at dei som ville delteke på dette som 4-klassingar i 2014 vil få invitasjon til deltaking som 5-klassingar i 2015. Ingen vert soleis ”forgått”!

Ellers gjennomførte vi tiltaket ”HalloVenn” i Eid Idrettshus 31. oktober som alternativ til tradisjonell Halloween-feiring. Dette var eit samarbeid med fleire lag og organisasjoner og det var første gong dette vart arrangert i Nordfjord. Tiltaket vart ein kjempesuksess! Vi hadde ei von om at i alle høve mellom 250 og 300 personar kunne kome innom arrangementet – men når komiteen, slitne men lukkelege, gjorde opp ”status” etter at arrangementet var over viste det seg at over 1100 personar hadde vore innom dørene! Fellesrådet vil gje honnør og stor takk til både tilsette og frivillige som la ned mange arbeidstimar i planlegging, førebuing og gjennomføring! Dette er heilt tydeleg eit tiltak som er kome for å bli!

3.5 Nettsider for Kyrkja i Eid

Nettsidene våre er til stor glede og nytte i arbeidet. På desse sidene har vi m.a. lagt ut informasjon om kyrkjene våre, om gudstenester og andre kyrkjelege handlingar, om aktivitets-/kulturtildelning i Kyrkja sin regi, om tilsette og medlemer i sokneråda og fellesrådet. Nettsidene er også eit nyttig reiskap for å få ut informasjon t.d. ved kyrkjeval, jubileum og liknande. Vi vonar mange nyttar nettsidene våre – og vi tek gjerne imot tilbakemeldingar på endring og/eller forbeting. Nettsidene finn ein på www.eid.kyrkja.no og/eller www.eid.kirken.no

3.6 *Kyrkjemusikalsk arbeid*

Det er lagt ned mykje tid og krefter i å revitalisere det kyrkjemusikalske arbeidet. Særleg har kantor, Ralph Cupper, arbeidd mykje med dette. Konsertserien ”Aftenmusikk” vart i år gjennomført i mars/april grunna monteringsarbeidet i kyrkja. Det er etter kvart meir og meir arbeidskrevjande å få inn sponsormidlane som trengst for å kunne engasjere musikarar og songarar. Dette er midlar vi er heilt avhengige av for å kunne halde fram dette gode tiltaket. Det er Eid Sokneråd som har økonomistyringa for ”Aftenmusikk”. Både soknerådet og fellesrådet har bidrige med midlar til tiltaket. Soknerådet har no nedsett eit eige musikkutval som har hovudansvar for både Aftenmusikk og andre konsertar/tilstellingar i soknerådet sin regi.

Kantor driv også orgelklubben for dei som er interesserte i å lære orgelmusikk, og han driv også ungdomskoret «Koret» som m.a. har delteke ved fleire gudstenester.

3.7 *Faste tiltak*

Dei tilsette arbeider med mange tiltak som går igjen år for år. Ein del tiltak, som t.d. ungdomsarbeid og dåpsopplæring, er no samkøyrt med trusopplæringsarbeidet. Felles for alle tiltaka er at vi har dyktige tilsette som gjer ein stor jobb med små ressursar. Vi er no komne til eit punkt der arbeidsbelastninga på dei tilsette er så stor at vi ikkje kan påta oss å starte nye tiltak utan å få avlastning med eksisterande tiltak – enten ved at andre tek over desse tiltaka eller at dei rett og slett vert avvikla. Meir omtale av dei enkelte tiltaka vil finnast også i årsmeldingane for sokneråda.

3.8 *Andre utførte oppgåver*

I samband med registrering av feste av gravminne, har ein funne fram til gravminne som ein ynskjer å ivareta, sjølv om festar seier ifrå seg sitt festeansvar. Eid kyrkjelege fellesråd står då som festar.

4 Samarbeid med andre

4.1 *Kommunen*

Eid kyrkjelege fellesråd samarbeider med Eid kommune, særskilt innan løns- og rekneskapsføring, men og i forhold til uteseksjonen i driftsavdelinga. Det er også samarbeid om breiband/data. Det er utarbeidd tenesteytingsavtale med Eid kommune.

4.2 *Sokneråda*

Ein har prøvd å halde leiarmøte 2 gongar kvart halvår. Her deltek soknerådsleiarane, prost, sokneprest, fellesrådsleiar og kyrkjeverje. Møta er nyttige for informasjonsutveksling og for å samkøyre aktivitetar.

5 Økonomi

For 2014 vart det eit rekneskapsmessig meirforbruk (underskot) i driftsrekneskapen på kr 288.373,40, etter strykning av budsjettet inndecking av delar av underskotet for 2013. Det står att underskot på kr 112.619,42 frå 2013, som enno ikkje er inndeckta. Fellesrådet har ingenting på disposisjonsfond. Totalt er det derfor no kr 400.992,82 som må inndeckast.

Innanfor teneste 39200 ”Anna kyrkjeleg verksemd” er det eit meirforbruk på prosjekt 5010 ”Trusopplæring” på kr. 161.807,31 i høve til inntektene. Dette er midlar som må dekkast av fellesrådet sitt budsjett. Det er posten for ”Aktivitetsrelatert materiale/teneste” som har størst overskridning då utgiftene til konfirmantar, minikonfirmantar og andre aktivitetar er førte her. I framtida må enten desse utgiftene reduserast vesentleg – eller bli finansierte frå andre kjelder enn fellesrådet.

På festeavgiftene er det i 2014 ei meirinntekt på kr 122.000,- i høve til budsjett.

Det står kr 211.715,07 på bundne driftsfond. Av dette utgjer gåver til lydanlegg kr 700,-, Nattcup konfirmantar kr 45.942,14, Malawi-prosjektet kr 49.744,72, Eid Diakonat kr 13.149,20, Nattcafeen Eid kr 3.276,57, Helgefred kr 78.902,44 og Prostidiakon Nordfjord kr 20.000,-.

Kyrkjebladet Helgefred har heller ikkje i 2014 annonseinntekter og ein er derfor avhengige av å legge inn giro i nummera som kjem ut. Sokneråda har no inngått avtale med Marta Elvebakke om layout og oppsett av bladet for ei fast godtgjersle pr. nr. Dei arbeider også aktivt for å få annonseinntekter f.o.m. 2015.

Det er ført opp eit nytt bunde driftsfond i 2014; Prostidiakon Nordfjord. Dette er midlar frå Bjørgvin bispedømeråd som er avsette for å eventuelt få etablert ei slik stilling i Nordfjord.

På lønsbudsjettet er det ei innsparing på kr 57.954 (løn minus refusjonar frå NAV) for 2014. Det er totalt inntektsført kr 198.623 i refusjonar ved sjukdom i 2014.

Samla forbruk av lønsmidlar er 98,63 % av budsjettet. På kyrkjegardane er utgiftene til vikarar vesentleg høgare enn budsjettet. Dette skuldast at kyrkjegardsarbeidar i fast stilling no arbeidar 80%. Heilt sidan han vart sjukmeld i 2011 har vi hatt inne ekstra personell slik at han ikkje skal vere åleine på jobb. Vi har ikkje lenger refusjon frå NAV som kan dekke deler av ekstrautgiftene og dei ”ledige” 20% av kyrkjegardsarbeidar si stilling strekk sjølv sagt ikkje til. Dei budsjetterte utgiftene til sommarvedlikehald på kyrkjegardane er derfor nytta til delvis inndecking av dette. Ved ein feil har det også blitt budsjettet med ein forventa refusjon frå arbeidsmarknadsetaten på kr 152.000 i 2014. Dette er ikkje reelt og har bidrege til at bruttobudsjettet for kyrkjegardar er tilsvarande for høgt.

Utgiftene for straum ligg ganske nøyaktig på budsjettet. For adm./kontor er utgiftene 10,7 % lågare enn budsjettet, medan det for kyrkjene er ein auke på 2,4 % i høve til budsjettet. For kyrkjegardane er straumforbruket 5,5 % over budsjettet.

I investeringsrekneskapen står det til saman kr 476.502,93 som ikkje er finansiert. Hovudtyngda av dette, kr 300.194,59, kjem frå rehabiliteringa av Stårheim kyrkje til jubileet i 2014. Det var føresett å omprioritere investeringsmidlar til dette arbeidet, men slik omprioritering har ikkje blitt føreteke. I tillegg er det ei overskridning på kr 135.672,50 på prosjektet Restaurering av orgel. Dette skuldast m.a. at vi måtte betale om lag kr 100.000 i moms for innførsel av «låneorgelet» vi har i ombyggingsperioden. Dette er midlar som vi får attendebetalt når instrumentet vert sendt tilbake til England i 2015. Det står også kr 24.500

vedkomande maskiner til kyrkjegardane, kr 10.148,34 til projector/lerret i kyrkjene og kr 5.987,50 til brannvarslingsanlegg i Eid og Stårheim kyrkjer som ikkje er finansiert. Alt meirforbruket må finansierast ved justering av investeringsmidlane i 2015.

Ubrukte investeringmidlar er sett av til ubundne investeringsfond i balanserekneskapen. Det står no til saman kr 1.543.450,92 på ubundne investeringsfond. Dette er investeringmidlar, t.o.m. 2014, som er avsett, men ikkje brukt.

6 **Avslutning**

2014 vart nok eit år prega av at ein har prøvd å få mest mogleg ut av ressursane ein hadde tilgjengeleg.

I trusopplæringa vert det lagt ned ein stor arbeidsinnsats for å utvikle og iverksetje tilbod for alle aldersgrupper. Ved fellessamlingar med andre er det gledeleg å registrere at vi ligg langt framme i dette arbeidet – og både prestane og andre tilsette fortener stor ros for innsats og entusiasme! Også frå bispedømet får Eid ros for arbeidet som vert gjordt her.

Gledeleg er det også å sjå at heimesidene våre vert stadig meir nytta av innbyggjarane i sokna våre. Også i 2014 var våre heimesider blant dei mest besøkte i heile bispedømet utanom Bergen. Vi vonar at vi kan makte å utvikle desse web-sidene vidare til felles nytte og glede.

Det mest krevjande i 2015 vert å få økonomien til fellesrådet i balanse att. Utgiftsnivået er alt for høgt i høve til inntektene – og utfordinga vert å få dette balansert med minst moglege konsekvensar for dei som nytta Kyrkja sine tenester. Dette er likevel ikkje mogleg å få til utan at det går ut over stillingane fellesrådet har til rådvelde – og dei konkrete konsekvensane vert ikkje synlege før dette er gjennomført.

Dei største investeringsprosjekta som no er prioritert er renovering av orgela i Eid og Stårheim kyrkjer, utvendig maling og vedlikehald av Eid kyrkje, samt å få betra parkeringstilhøva ved Heggjabygda kyrkje. Utvendig vedlikehald av Eid kyrkje er eit så stort prosjekt at det truleg må delast, og finansierast, over to år.

Montering av nye lerret og projectorar, slik at vi kan gjere oss nytte av digitale hjelpemiddel, vart gjennomført i Stårheim og Eid kyrkjer i 2014. Tilsvarande er også planlagt i Kjølsdalens og Heggjabygda kyrkjer – men enno ikkje iverksett.

Fellesrådet har ein stab samansett av fagleg sterke personar som er effektive og utfører oppgåvene sine på ein god måte. Vi har og ein kommune som er positiv til arbeidet vårt. Eid kyrjelege fellesråd vil takke spesielt tilsette ved personalavdelinga og økonomiavdelinga i Eid kommune for god hjelp og støtte i 2014.

Med tilvising til det som er nemnt ovanfor kan fellesrådet sjå tilbake på nok eit aktivt år og kan ta fatt i utfordingane som ventar med von om at vi får tilstrekkelege økonomiske rammer til at Kyrkja framleis kan nå ut med gode tenester til folket.

Nordfjordeid, 07.06.2015

Oddvar Os

Leiar Eid kyrkjelege fellesråd

Kristen Hundeide
Kyrkjeverje i Eid